



Møteprotokoll for Heradsstyret

Møtedato: 20.02.2019
Møtestad: Osterøy rådhus - heradsstyresalen
Møtetid: kl. 16.00 – kl. 18.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jarle Skeidsvoll	KRF	Ordfører
Annbjörg Bysheim Herland	KRF	Medlem
Kari Laurhammer Mjøs	KRF	Medlem
Audun Mosevoll	KRF	Medlem
Mortensen, Alf Terje	FRP	Varaordfører
Kim Andre Hartveit	FRP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Sigmund Faugstad	FRP	Medlem
Hildegunn Mo	FRP	Medlem
Einar Skjerping	FRP	Medlem
Johannes Bysheim	AP	Medlem
Torunn Åsheim	AP	Medlem
Robert Eikeland	AP	Medlem
Øyvind Litland	AP	Medlem
Tone Mjelde	Uavh	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Andrea Hartveit	AP	Medlem
Jørgen Varden	AP	Medlem
Ingemar Tepstad	H	Medlem
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Hjalti Heimir Gislason	H	Medlem
Johannes Haugland	SP	Medlem
Jon Flydal Blichfeldt	MDG	Medlem
Silje Midtbø Vevle	MDG	Medlem
Kjersti Ingolvsdotter Vevatne	V	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Atle Solberg	H	Medlem
Lars Fjeldstad	SP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
John Tysse	FRP	Vara for K. A. Hartveit i sak 006
Svein Jarle Bernes	FRP	Vara for R. J. Tyssebotn i sak 006
Geir Olsen	AP	Vara for R. Tveiten i i sak 005 og for A. Hartveit i sak 006
Ole Johannes Mjøs	H	Atle Solberg
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Lars Fjeldstad

Følgjande frå administrasjonen møte: Rådmannen og utvalssekretæren

Sakliste

Saknr	Tittel
001/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/19	Godkjenning av møtebok
003/19	Referatsaker og meldingar
004/19	Delegerte saker
005/19	Andre gongs handsaming - Plansak Detaljregulering Fosslia bustad - Valestrand - PlanID 12532016006
006/19	Andre gongs handsaming - Plansak 12532016001 - Detaljregulering masseuttak Vevletveit
007/19	Busetjing av flyktningar i 2019 - oppmoding frå IMDI (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet)
008/19	Søknad om salsløyve for alkohol i samband med eigarskifte Bjørndal Handel AS
009/19	Medlemmer og varamedlemmer til representantskapet i Interkommunalt Arkiv

001/19: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

20.02.2019 HERADSSTYRET

Det vart varsla nokre spørsmål/saker til slutten av møtet.

Det var ikkje merknader til innkalling og saksliste.

HS - 001/19 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

002/19: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 12.12.18 vert godkjend.

20.02.2019 HERADSSTYRET

Det var ikkje merknader til utsend protokoll frå 12.12.18.

HS - 002/19 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 12.12.18 vert godkjend.

003/19: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

20.02.2019 HERADSSTYRET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

HS - 003/19 VEDTAK:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

004/19: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

20.02.2019 HERADSSTYRET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

HS - 004/19 VEDTAK:

"Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande."

005/19: Andre gongs handsaming - Plansak Detaljregulering Fosslia bustad - Valestrand - PlanID 12532016006

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Heradsstyret vedtek i medhald av plan og bygningslova § 12-12 detaljregulering for Fosslia bustad 12532016006, med plankart datert 23.05.2018, føresegner datert 22.01.2019, planskildring datert 08.01.2019, VA-rammeplan notat datert 17.06.2018 og VA-rammeplan kart datert 03.01.2019.

06.02.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

PL - 014/19 VEDTAK:

"Heradsstyret vedtek i medhald av plan og bygningslova § 12-12 detaljregulering for Fosslia bustad 12532016006, med plankart datert 23.05.2018, føresegner datert 22.01.2019, planskildring datert 08.01.2019, VA-rammeplan notat datert 17.06.2018 og VA-rammeplan kart datert 03.01.2019. "

13.02.2019 FORMANNSKAPET

Kommuneplanleggjar og sakshandsamar i saka, møtte for å svare på spørsmål.

Rita Tveiten, AP, bad om vurdering av sin gildskap, då bror hennar er eigar av det aktelle området i saka. Ho tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap
- 8 medlemmer/ varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING - gildskap

Rita Tveiten vart samrøystes kjend ugild.

Vedtaket vart gjort i medhald av fvl. § 6, bokstav b ... *når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nært som søsken.*

AVRØYSTING

Innstillinga frå plan- og kommunalteknisk uval vart samrøystes tilrådd.

FS - 007/19 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling til heradsstyret:

"Heradsstyret vedtek i medhald av plan og bygningslova § 12-12 detaljregulering for Fosslia bustad 12532016006, med plankart datert 23.05.2018, føresegner datert 22.01.2019, planskildring datert 08.01.2019, VA-rammeplan notat datert 17.06.2018 og VA-rammeplan kart datert 03.01.2019. "

20.02.2019 HERADSSTYRET

Rita Tveiten, AP, bad om vurdering av sin gildskap då broren eig arealet som planen gjeld - Geir Olsen, AP, møtte som vara 26 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING GILDSKAP

Rita Tveiten, AP, vart samrøystes kjend ugild.

Vedtaket vart gjort med heimel i fvl. § 6, bokstav b .. *En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltnings sak ...; når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller sidelinje så nær som søsken;.. .*

Turid B. Njåstad, SP, kom til møtet no - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

HS - 005/19 VEDTAK:

"Heradsstyret vedtek i medhald av plan og bygningslova § 12-12 detaljregulering for Fosslia bustad 12532016006, med plankart datert 23.05.2018, føresegner datert 22.01.2019, planskildring datert 08.01.2019, VA-rammeplan notat datert 17.06.2018 og VA-rammeplan kart datert 03.01.2019."

006/19: Andre gongs handsaming - Plansak 12532016001 - Detaljregulering masseuttak Vevletveit

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. I medhald av plan og bygningslova § 12-12 vert framlegg til Detaljregulering masseuttak Vevletveit Plan ID 12532016001 med føresegner, plankart og planskildring datert 22.01.2019, VA rammeplan 20.06.18. og tilhøyrande vedlegg vedteke.
2. Detaljregulering masseuttak Vevletveit gjeld framfor deler av Reguleringsplan for RV 567 Hauge – Lonevåg.

06.02.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

PL - 015/19 VEDTAK:

- "1. I medhald av plan og bygningslova § 12-12 vert framlegg til Detaljregulering masseuttak Vevletveit Plan ID 12532016001 med føresegner, plankart og planskildring datert 22.01.2019, VA rammeplan 20.06.18. og tilhøyrande vedlegg vedteke.
2. Detaljregulering masseuttak Vevletveit gjeld framfor deler av Reguleringsplan for RV 567 Hauge – Lonevåg."

13.02.2019 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

Innstillinga frå plan- og kommunalteknisk utval vart samrøystes tilrådd.

FS - 006/19 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling til heradsstyret:

1. "I medhald av plan og bygningslova § 12-12 vert framlegg til Detaljregulering masseuttak Vevletveit Plan ID 12532016001 med føresegner, plankart og planskildring datert 22.01.2019, VA rammeplan 20.06.18. og tilhøyrande vedlegg vedteke.
2. Detaljregulering masseuttak Vevletveit gjeld framfor deler av Reguleringsplan for RV 567 Hauge – Lonevåg."

20.02.2019 HERADSSTYRET

Andrea Hartveit, AP, bad om vurdering av sin gildskap i saka som niese til eigar av knuseverket, og med tilvising til at ho ved tidlegare behandlingar av saka har vore kjend ugild - ho tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap.

Kim A. Hartveit, FRP, bad om vurdering av sin gildskap i saka som nevø til eigar av knuseverket, og med tilvising til at han ved tidlegare behandlingar av saka har vore kjend ugild - han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, bad om vurdering av sin gildskap i saka som onkel til eigar av knuseverket, og med tilvising til at han ved tidlegare behandlingar av saka har vore kjend ugild - han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap.

Geir Olsen, AP, møtte som vara for Andrea Hartveit, John Tysse, FRP, møtte som vara for Kim A. Hartveit og Svein J. Bernes, FRP, møtte som vara for Ragnar J. Tyssebotn - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING GILDSKAP

Andrea Hartveit, AP, vart samrøystes kjend ugild.

Kim Andre Hartveit, FRP, vart samrøystes kjend ugild.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, vart samrøystes kjend ugild.

Vedtak om ugildskap vart gjort med heimel i fvl. § 6, 2. ledd *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt*

på om avgjørelsen kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen han har nær personlig tilknytning til.

AVRØYSTING

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

HS - 006/19 VEDTAK:

"1. I medhald av plan og bygningslova § 12-12 vert framlegg til Detaljregulering masseuttak Vevletveit Plan ID 12532016001 med føresegner, plankart og planskildring datert 22.01.2019, VA rammeplan 20.06.18. og tilhøyrande vedlegg vedteke.

2. Detaljregulering masseuttak Vevletveit gjeld framfor deler av Reguleringsplan for RV 567

Hauge – Lonevåg."

007/19: Busetjing av flyktingar i 2019 - oppmoding frå IMDI (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet)

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Osterøy kommune buset 10 flyktingar i 2019 i tråd med førespurnaden frå IMDI. Familiesameining kjem i tillegg.

13.02.2019 FORMANNSKAPET

Alf Terje Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg:

"Saka vert send i retur for betre opplysning. Særskilt økonomi er ikkje opplyst på ein rett måte med omsyn til langtidsverknader.

Grunngjeving:

I samband med budsjetthandsaminga orienterte rådmannen om at intergreringsresultata var dårlege. Dette hadde igjen gitt auka utgifter til sosialbudsjettet. Dette er ikkje drøfta på ein tilfredstillande/ opplyst måte. Slikt vil kunne gje store budsjettmessige konsekvensar på sikt gi store budsjettmessige konsekvensar på sikt."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg: 6 røyster (1KRF, 2AP, 1MDG, 1H, 1V)

Alf Terje Mortensen sitt framlegg: 3 røyster (2FRP, 1SP)

FS - 009/19 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling til heradsstyret:

"Osterøy kommune buset 10 flyktningar i 2019 i tråd med førespurnaden frå IMDI.

Familiesameining kjem i tillegg."

20.02.2019 HERADSSTYRET

Alf Terje Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Osterøy kommune tek ikkje imot flyktningar i 2019.

Grunngjeving: Med situasjonen som har oppstått kring bustadene på Valestrand, er det ikkje eit tilbod som kan nyttast av noko menneske. I tillegg er me gjennom ulike kanalar gjort merksam på legesituasjonen i kommunen. Me fryktar for at me ikkje kan levere eit godt legetilbod."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Formannskapet sitt framlegg - 20 røyster (4KRF,2SP,1V,3H,8AP,2MDG)

FRP sitt framlegg - 7 røyster (6FRP,1H)

HS - 007/19 VEDTAK:

«Osterøy kommune buset 10 flyktningar i 2019 i tråd med førespurnaden frå IMDI.

Familiesameining kjem i tillegg."

008/19: Søknad om salsløyve for alkohol i samband med eigarskifte Bjørndal Handel AS

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«I medhald av alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, andre ledd og 3-7 vert det gjeve salsløyve for drikk med inntil 4,7% alkoholinnhald (gruppe 1) for:

Løyvehavar: Bjørndal Handel AS, org. nr. 921 785 119. Salsstad: Butikklokale i Osterøyvegen 3390.

Styrar for løyvet: Silje Hjellvik, f. 25.11.84 Stedfortredar: Thomas Rene Barlow-Wiggin, f. 30.08.79.

Løyveperiode: 22.02.2019 – 30.09.2020.

Sal- og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje i butikken si opningstid, då avgrensa til tida mellom kl. 08.00 – kl. 20.00 på kvardagar og kl. 08.00 – kl. 18.00 på dagar før sun- og heilagdagdar med unntak for dagen før Kristi Himmelfartsdag, 1. mai og 17.mai, jfr. alkohollova § 37. Løyvehavar, styrar og stedfortredar vert godkjende.»

13.02.2019 FORMANNSKAPET

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - 010/19 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling til heradsstyret:

«I medhald av alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, andre ledd og 3-7 vert det gjeve salsløyve for drikk med inntil 4,7% alkoholinnhald (gruppe 1) for:

Løyvehavar: Bjørndal Handel AS, org. nr. 921 785 119. Salsstad: Butikklokale i Osterøyvegen 3390.

Styrar for løyvet: Silje Hjellvik, f. 25.11.84 Stedfortredar: Thomas Rene Barlow-Wiggin, f. 30.08.79.

Løyveperiode: 22.02.2019 – 30.09.2020.

Sal- og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje i butikken si opningstid, då avgrensa til tida mellom kl. 08.00 – kl. 20.00 på kvardagar og kl. 08.00 – kl. 18.00 på dagar før sun- og heilagdagdar med unntak for dagen før Kristi Himmelfartsdag, 1. mai og 17.mai, jfr. alkohollova § 37. Løyvehavar, styrar og stedfortredar vert godkjende.»

20.02.2019 HERADSSTYRET

AVRØYSTING

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

HS - 008/19 VEDTAK:

«I medhald av alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1, andre ledd og 3-7 vert det gjeve salsløyve for drikk med inntil 4,7% alkoholinnhald (gruppe 1) for:

Løyvehavar: Bjørndal Handel AS, org. nr. 921 785 119. Salsstad: Butikklokale i Osterøyvegen 3390.

Styrar for løyvet: Silje Hjellvik, f. 25.11.84 Stedfortredar: Thomas Rene Barlow-Wiggin, f. 30.08.79.

Løyveperiode: 22.02.2019 – 30.09.2020.

Sal- og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje i butikken si opningstid, då avgrensa til tida mellom kl. 08.00 – kl. 20.00 på kvardagar og kl. 08.00 – kl. 18.00 på dagar før sun- og heilagdagar med unntak for dagen før Kristi Himmelfartsdag, 1. mai og 17.mai, jfr. alkohollova § 37. Løyvehavar, styrar og stedfortredar vert godkjende.»

009/19: Medlemmer og varamedlemmer til representantskapet i Interkommunalt Arkiv

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Det vert gjort slikt val til representantskapet i Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS :

Medlem: ----- Varamedlemmer: -----

20.02.2019 HERADSSTYRET

Ordføreren gjorde framlegg om val av medlemmer og varamedlemmer i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

AVRØYSTING

Framlegget vart samrøystes vedteke.

HS - 009/19 VEDTAK:

"Det vert gjort slikt val til representantskapet i Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS: Medlem: Arkivleiar Hilde Kristine Bøe, vara: 1. Astrid Kollvangsnes, sekretær, 2. Beate Iren Bakkemo, sekretær."

Andre saker/spørsmål

Avfallsdumping

Jon Flydal Blichfeldt, MDG, viste til tidlegare melding til rådmannen om dumping av avfall i samband med riving av bygg. Han påpeika at meldinga omhandlar to ulike stader, Askelandsdalen og Hausberg.

Rådmannen viste til at BIR følgjer opp saker om forureining, og at desse sakene er meldt inn til dei for vurdering og oppfølging.

BØL, Bruvik

Jon Flydal Blichfeldt, MDG, viste til BØL og prosjektet på Bruvik, og bad om statusoppdatering.

Rådmannen opplyste at vil bli lagt fram ei meldingssak til neste formannskapsmøte med orientering om status for fleire plansaker.

Fastlegesituasjonen

Johannes Haugland, SP, viste til oppslag i media om fastlegane sin situasjon og oppfordra rådmannen om å få utført ei enkel kartlegging av korleis fastlegane i Osterøy kommune vurderer sin arbeids-situasjon.

Utleigebustader Reigstad

Alf T. Mortensen, FRP, tok opp bygginga av kommunale utleigebustader på gnr. 146/bnr. 2 Reigstad og bad om å få lagt fram grundig og fyldestgjerande informasjon om korleis denne situasjonen kunne oppstå, og kvifor det ikkje vart oppdaga i byggesaksbehandlinga.

Ordføreren viste til orientering om saka i sist formannskapsmøte. Vidare vart det opplyst at det no er gitt stoppordre for byggearbeidet, og at administrasjonen ser på moglege løysingar for plassering av bygget på tomta, slik at ein kan få tenlege husvære i bygget.

Det vart ikkje gjort vedtak i tilknytning til spørsmål og svar.

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordføraren vart desse valde: Annbjørg Bysheim Herland og Silje Midtbø Vevle

Lonevåg, 25.02.19

Bente Skjerping
Utvalsesekretær

Jarle Skeidsvoll
Ordfører

Annbjørg Bysheim Herland

Silje Midtbø Vevle